

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Stig Vattekar, Plan  
Sak nr.: 16/3168-1

**Finansiering av Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje rom for å gje driftsstøtte til Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Eventuell støtte kan gjevast i form av løyvingar til godkjende einskildprosjekt som då vert finansiert med ledige regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

**SAKSFRAMSTILLING****1. Bakgrunn for saka**

Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark (SNV) vart stifta av Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane Aurland, Voss, Vik og Lærdal. Drifta av stiftinga har i stor grad vore fundamentert på statlege inntekter som etter kvart er blitt fasa ut. SNV har i løpet av 2014 og 2015 ved fleire høve etterlyst ein langsiktig avtale med stiftarane om økonomisk støtte til drifta av verdsarvparken. Hittil har ikkje fylkeskommune funne budsjettmidlar til slik varig driftsstøtte.

HNK har i sak 2/16 bede administrasjonen om å utarbeide ei ny sak om finansiering av SNV.

**2. Historikk**

Etablering:

SNV vart etablert 25.01.2008. Følgjande stiftarar gjekk inn med kapital:

<b>Stiftar</b>	<b>Kapital</b>
Aurland kommune	100.000
Voss kommune	50.000
Vik kommune	50.000
Lærdal kommune	50.000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	50.000
<b>Til saman</b>	<b>300.000</b>

Føremål med SNV er i følgje vedtektene:

«Stiftinga skal ha som føremål å koordinere og samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet. Stiftinga si verksemd blir regulert gjennom ein eigen Parkavtale. Parkavtalen bør harmoniserast med ein felles kommunedelplan for området.

Nærøyfjorden Verdsarvpark skal byggje på at lokalsamfunnet har eigarskap til landskaps- og kulturverdiane og aktivt fremme internasjonale verneverdiar gjennom lokal økonomisk, kulturell og identitetsmessig utvikling.

Nærøyfjorden Verdsarvpark skal skape møteplassar og utvikle partnarskap mellom eit vekslende mangfald av initiativ som fremjar parken sitt føremål.

Nærøyfjorden Verdsarvpark skal arbeide for utvikling av vertskapsrolla slik at ein fremjar ein verdiskapande kommunikasjon mellom lokalsamfunnet og omverda.»

Regionalparken inkluderer no ei breitt samansett gruppe av samarbeidspartnarar/aktørar i Sogn og Fjordane og Hordaland som aktivt har valt ei verdiplattform som bidreg til ivaretaking, berekraftig bruk og utvikling av verdsarven. Til no har 55 samarbeidspartar slutta seg til Verdsarvparken gjennom forpliktande avtalar. Tal tilsette i parkorganisasjonen var 4 personar i fjor.

#### Økonomisk fundament:

Nærøyfjorden Verdsarvpark sitt samla budsjett har lege på om lag 4-5 mill. kr der dei mest sentrale finansieringsordningane har vore:

- Verdiskapingsprogrammet «Naturarven som verdiskapar» i regi av Miljødirektoratet / Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Verdsarvmidlar direkte frå Miljødirektoratet
- Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Naturarven som verdiskapar vart avvikla 1. januar 2014 og programmet for lokale og regionale parkar vart avvikla 1. januar 2015.

Med bakgrunn i sviktande finansiering har parkstyret i brev til stiftarane i mars 2015 skrive: «Stiftarane av Nærøyfjorden Verdsarvpark lyt i mykje større grad aktivt medverke til etablering av ei langsiktig grunnfinansiering av stiftinga si verksemd...»

Stiftingskommunane vert såleis utfordra på ei samla finansiering på 0,5 mill. kr i 2015 aukande til 1,0 mill. kr i 2018 etter same fordeling som ved stiftinga. Vidare utfordra dei fylkeskommunen til å yte 0,5 mill. kr i grunnfinansiering i 2015 og i tillegg 0,725 mill. kr til gjennomføring av handlingsplanen til stiftinga.

#### Nøkkeltal frå rekneskapen

<b>Tekst</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Driftsinntekter	4 384 000	5 013 000	4 165 000
Driftsresultat	- 104 000	-40 000	-31 000
Årsresultat	-102 000	-25 000	-16 000
Anleggsmiddel	0	0	5 000
Omløpsmidlar	2 219 000	1 497 000	2 311 000
Sum eigendeler	2 219 000	1 497 000	2 315 000
Stiftingskapital	300 000	300 000	300 000
Opptent eigenkapital	-233 000	-131 000	-105 000
Sum eigenkapital	67 000	169 000	195 000
Kortsiktig gjeld	2 151 000	1 327 000	2 121 000
Sum gjeld	2 151 000	1 327 000	2 121 000
Sum gjeld og eigenkapital	2 219 000	1 497 000	2 315 000

#### Kort kommentar til rekneskapen

Sjølv om vi må betrakte stiftinga som eit «non-profit» selskap, syner rekneskapen svake tal. Dei tre siste år som vi har rekneskapstal for, viser negative driftsresultat. Omløpsmidlar (bankinnskot) er tilstrekkeleg til å dekke kortsiktig gjeld, men eigenkapitalen i selskapet er svak.

#### Tidlegare vedtak

Hovudutval for plan og næring (HPN) gjorde i sak 71/13 følgjande vedtak:

1. Fylkeskommunen vil støtte kommunar som samarbeider om verdiskaping av natur- og kulturarven i fylket gjennom fleirårige avtalar med kommunane

2. Fylkeskommunen meiner at interkommunalt parksamarbeid vil vere eit nyttig verktøy for å samordne og målrette innsatsen for økt verdiskaping med basis i natur og kultur.
3. Fylkeskommunen meiner det er viktig å bidra med midlar til grunnfinansiering av stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Gjennom budsjettprosessen vil det bli gjort vurderingar av storleik og finansiering.
4. Fylkeskommunen vil følgje opp m.a. stortingsmeldinga «Framtid med fotfeste» om kulturpolitikk gjennom å ta ei leiroll i verdiskapingsarbeidet og legge til rette for god samordning av relevante verkemidlar regionalt.
5. Fylkeskommunen løyver 950.000 kroner til interkommunale natur- og kulturparkar i 2014. Løyvinga vert dekkja av restmidlar frå føregåande år på teneste 7164 Friluftsliv, natur- og vassforvaltning.

I HPN sak 48/15 bad HPN om at finansiering av SNV vart vurdert i det vidare budsjettarbeidet fram mot vedtak i fylkestinget i desember 2015. Det vart ikkje funne rom for slik finansiering.

Hovudutval for næring og kultur (HMK) har i sak 2/16 på nytt fremja eit ynskje om å få presentert ei sak om finansiering av SNV. Her er vedtaket:

1. Nærøyfjorden Verdsarvpark får ei løyving på kr 100 000 til gjennomføring av prosjektet Berekraftig og bruksrette besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling, jf vedlegg 1.
2. Løyvinga vert finansiert av disponible midlar frå Statsbudsjettet kap. 1428 post 72.9 verdsarv.
3. Hovudutvalet ber om at administrasjonen utarbeider ei sak om finansiering av Nærøyfjorden Verdsarvpark

Fylkesdirektøren gjer merksam på at det i tillegg til løyvinga på kr 100 000 frå kulturavdelinga i denne saka er gjeve administrativt vedtak om støtte på til saman kr 300 000 for 2016 og 2017 til SNV sitt prosjekt «Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken» (kr 150 000 frå plan og samfunn og kr 150 000 frå næringsavdelinga av avsette KMD-midlar frå 2015).

### **3. Vurdering**

Fylkeskommunen har tidlegare år i stor grad støtta SNV ved å overføre statlege midlar som har vore øymerka til bruk i Verdsarvparken.

Regionale utviklingsmidlar som fylkeskommunen får løyvd årleg av Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD-midlar), kan ikkje nyttast til driftsstøtte. KMD-midlar skal i følgje retningslinene nyttast til tidsavgrensa prosjekt og tiltak.

Sogn og Fjordane fylkeskommunen står derimot friare til å nytte egne fylkeskommunale driftsmidlar. Disse kan nyttast til å gje driftsstøtte til lag, organisasjonar og eventuelt SNV. Utfordringa er at fylkeskommunen har fått sine egne driftsmidlar vesentleg redusert etter omlegging av inntektssystemet. Vi har gjennom ulike utgreiingar vedteke kraftige kutt i budsjetta framover. I tillegg vil fylkesdirektøren gjere merksam på at Næringsavdelinga saman med Plan- og samfunnsavdelinga (etter gamal organisasjon) har eit innsparingskrav i sine driftsmidlar for 2017 på ytterlegare 4,8 mill. kr.

### **4. Konklusjon**

Sjølv om fylkesdirektøren ser på arbeidet som SNV utfører som svært viktig for regionen, kan vi ikkje finne fylkeskommunale driftsmidlar til å finansiere driftsstøtte til SNV. Støtte må eventuelt gjevast i form av løyvingar til einskildprosjekt som da vert finansiert med ledige KMD-midlar.

Dette er sjølv sagt ikkje ei tilfredsstillande løysing for SNV, men dersom ein skal finne midlar til varig driftsstøtte må dette på nytt takast opp i budsjettprosessen hausten 2016.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)